



-- Dette var ein triveleg stad, seier Tonje Solheim frå Åkra som inntek frukosten sin på den nye rasteplassen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rasteplassar er mangelvare ved vegnettet i Kvinnherad, men no har Uskedalen slege an tonen. Ein fin og stilig rasteplass er no fullført sentralt i bygda, nærare bestemt inntil Sandavegen i nærleiken av gamleskulen og grana.

Den er utforma med utgangspunkt i den flotte oppslagstavla som Ove Stokka har laga tidlegare og er eit prosjekt under Bygdeutviklingsprosjektet. Det er igjen eit tiltak som Uskedalen Utvikling har sett i gang. Marit Røsland har vore prosjektleiar for rasteplassen som har kosta rundt rekna 20.000 kroner.

"Møblementet" består av fem bord, fem benkar, urner med tujaer i og to søppeldunkar – alt i same stilen. Møblane er solide og bles ikkje bort, fordi det er steinfundament under både bord og benkar. Marit Røsland er full av ros om AFA ved Ove Sæbø for den gode jobben som er gjort. Alt er beisa i same fargen slik at rasteplassen og oppslagstavla skal vera ein heilskap.



Rasteplassen på Eikelandet blir prosjekt nummer to. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men Bygdeutviklingsprosjektet hvilar ikkje på laurbæra. Dei har ein plan om fleire rasteplassar og først på lista no står fullføring av rasteplassen på Eikelandet. Den private grunneigaren har gjeve grønt ljøs og har for lengst plassert eit bord der.

Også dette er ein innbydande stad der det vil vera fint å ta ein kvil og nyta utsynet mot dei sentrale delane av Uskedalen.

Og som nummer tre på lista står ein rasteplass ipå Kvitebergshammaren på Rød, der vegetasjonen vart fjerna i fjor haust og den fantastiske utsikten innover fjorden vart openberra for dei vegfarande.

Av Ola Matti Mathisen



Den første rasteplassen i Uskedalen har kosta rundt 20.000 kroner, som er finansiert gjennom Bygdeutviklingsprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)